

Årsmelding Ørsta II Turn 2019

Turngruppa i Ørsta vart formelt stifta like før jul i 2018 på ekstraordinært årsmøte i ØIL. Vinteren brukte vi på å komme i gang, finne trenarar og strukturere oss. Vi kom i gong med prøvetreningar for våre eigne born.

Søkdandsskjema blei lagt ut 5. mars, og vi hadde heile 390 påmeldingar. Diverre har vi kun trenarkapasitet og hallkapasitet til 150 turnarar. Vi starta med 9 grupper i denne strukturen:

Born 3-4 år; jenter og gutar

Born 4-5 år: jenter og gutar

1.-2. klasse jenter

1.-2. klasse gutar

3.-4. klasse jenter

3.-4. klasse gutar

5.-7. klasse jenter

5.-7. klasse gutar

Ungdom; jenter og gutar

Vi starta formelt med treningar etter påske 2019. Vi har hatt halltid torsdagar frå 18 -19.30. I oppstartfasen har det fungert greit, men utover hausten ser vi behovet for å omorganisere oss og få færre grupper samstundes i hallen.

Vi hadde juleshow i Ørstahallen for svært mange frammøtte. Då fekk alle gruppene vist fram nokre øvelser på trampett og på airtrack. Dette var stas, og vi må prøve å få til liknande før sommaren neste sesong også. Husk at vi kan ta for eksempel 30 kroner i inngangspenger i lotteri eller tilsvarande, for å få inn støtte til gruppa.

Økonomi:

Økonimien i turngruppa må kunne seiast å vere god pdd. Kontigent ligg å lavaste sjiktet då der har våre litt meir kostnader på trenersida ifb kursing/godtgjersle enn først regna med, der vil framover blant anna kome kostnader med å sende gymnastar/trenarar på diverse stevner++ Men ser ingen grunn til nåken store justeringar av kontigenten med det første.

Vi har fått god drahjelp av både næringsliv og diverse stiftelsar som har bidrege med midler, og det er mykje takka vere desse att vi har kunne kjøpt inn diverse utstyr i to runder sidan oppstarten. Vi er no avhengig av å få oppareida oss ein god "buffer", då neste steg på utstyrsfronten er ei betydelig større investering enn det vi har gjort fram til no.

Vi ser på andre muligheiter for innkreving av kontigent. Spond har blant anna kome med eit opplegg for dette som vi vil sjå nærare på.

Årsmelding fra trenarutvalget Ørsta Turn

Naturleg nok har vi, dette første året etter oppstart av Ørsta turn, hatt fokus på å bli kjende med turn både for turnarar og trenarar. Trenarane er i hovudsak frivillige foreldre, og vi har jobba mykje med å opparbeide trenarkompetanse både ved å halde interne kurs, og no i seinare tid har vi også fått sendt 3-4 av trenarane på eksterne kurs i regi av kretsen. Vi er omlag 35 trenarar fordelt på 130 turnarar i alderen 3-16år, og vi vil fortsette arbeidet med å få fleire av trenarane på trenar 1 kurs i regi av kretsen, i tillegg til dei interne kursa som blir halde av dei trenarane våre som har erfaring frå turn.

Vi har fram til jul hatt trening for alle turnarane i hall 2 og 3 kvar torsdag 18:00-19:30. Dette vart gjort av fleire årsaker; 1. For å bygge klubb og lagfølelse 2. For å fordele tidkrevande rigging av utstyr og bruk av utstyr. 3. For å fordele dei to hovedtrenarane, Calo og Margrethe, som ved oppstart var dei einaste trenarane med turntrenar erfaring. Margrethe måtte desverre flytte ifbm arbeid og har ikkje vore med oss store delar av året, men kjem sterkare tilbake.

Iløpet av hausten har vi fått knytta til oss ein del studentar med turnerfaring, noko som har vore svært viktig, då Ørsta-turnarane har utvikla seg raskt og har blitt veldig flinke på kort tid, og no har behov for fleire trenarar med høgare kompetanse for å utvikle seg vidare.

Etterkvart som turnerane har blitt flinkare har vi også sett behovet for å rotere mindre mellom dei ulike stasjonane. Dette for å få kunne gå meir i djupna i kvar øvelse, samt skape litt meir ro på treningane. Vi har også hatt behov for at hovedtrenar, Calo Bentzen, ikkje roterer så mykje, men jobbar litt lenger med kvar gruppe og kvart trenarteam. Dette kjem vi til å fortsette med fram til sommaren.

På treningane har vi hatt fokus på korleis ein oppfører seg i ein turnhall, å bli kjende med apparata og å bli kjende med kvarandre. Mange av turnerane har lært seg mykje turntriks på trampolina heime i hagen, noko som er veldig bra, samtidig som ein då også gjerne har lagt seg til nokre uvanar, så vi har også hatt stort fokus på kroppsholdning ved utførelse av øvelsane. Det har til tider vore litt kaotisk i hallen med 160-170 ferske turnarar og trenarar, men etterkvart har vi funne måtar å organisere treningane på som gjer at det fungerer betre.

Årets store høgdepunkt for turnarar og trenarar var juleshowet i desember. Dette var ope for alle som ville sjå, og turnarane fekk verkeleg vist kor mykje turn dei hadde klart å lære på litt over eit halvt år med turn i Ørsta. Det vil bli fleire slike show framover, og ein del av turnerane er allereie klare for å vere med på turnstevner og andre turn arrangement framover!

Etter jul delte vi 1-2.klasse turnerane i to grupper, der dei som hadde anledning trente på mandagen. Dette for å ha litt færre turnerar på torsdagstreningane som gir meir ro og høgre kvalitet på treningane.

Kort oppsummert har dette første året med turn i Ørsta gått over all forventning. Vi må jobbe vidare med å auke kompetansen til trenarane i takt med utviklinga til turnerane, knyte til oss nye trenarar for komande turnkull samt sjå vidare på kva treningstid vi treng for å få eit godt og sikkert turntilbod.

Vi må også få rette ei stor takk til styret i Ørsta Turn og alle foreldre som stiller opp og gjer dette mulig!

Styret består av :

Monika Rebbestad – leiar

Marianne Kriken – nestleiar

Stian Nytun og Maren Sætre – økonomi

Stine Gulla - medlemsansvarlig

Ingrid Sæbønes - medlemsansvarlig

Vegard Grimstad - trenarteamet

Caroline Bentzen – hovedtrenar

Tone Bjørdalsbakke Saure – klubbkle og medlem